



Slik er kanona no der ho står ved Sandakaien. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Fagkoordinator Sissel Aarseth har skrevet til Marinemuseet i Horten og meldt at kommunen vil ta ansvar for utlån av revolverkanona ved Sandakaiaen gjennom det kommunale Kvinnherad museum. Det var i februar Marinemuseet bad kommunen om status for kanona.**

Aarseth stadfester at kanona framleis står i Uskedalen og vedlegger kart som viser plasseringa. Ho legger også ved eit bilete teke i 1997/1998. Då vart kanona flytta til si noverande plassering. Ho vil også sende eit nytt bilete av kanona til Marinemuseet.

Aarseth peiker på at kanona manglar sluttstykke.

- Vi har ønska å få laga eit nytt sluttstykke slik at vi kan vise kanona slik ho var. Etter det vi kjenner til har det tidlegare vore kontakt med dykk om dette, mellom anna hjelp til å finne teikningar. Kan dette vere eit aktuelt framtidig prosjekt, spør Sissel Aarseth.

Av Ola Matti Mathisen